



Arkivnr: 2014/558-162  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		

### Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - arbeidsutval og fullmakt

#### Samandrag

Fylkestinget vedtok i sak PS 64/2014 Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland fylkeskommune eit reglement der det står bland anna: «*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har oppnemnd eit arbeidsutval som består av leiar og nestleiar. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvar i året.*».

Grunngjevinga for å opprette arbeidsutval har vore at saker ofte kjem rådet seint ihende, og ein ser det som særst viktig at rådet har høve til å koma med uttale og innspel i aktuelle saker som er til handsaming i andre politiske organ i fylkeskommunen, høyringar og liknande som kjem frå statlege styresmakter – eller som er under utarbeiding i fylkesadministrasjonen.

Eit arbeidsutval skal også førebu kva saker rådet skal ha framlagt, og innstille til vedtak.

Eit arbeidsutval vil ha sine møter mellom dei ordinære rådsmøta – etter ein fast møteplan som vert lagt fram for rådet for godkjenning. Rådet avgjer også kva fullmakter eit arbeidsutval skal ha.

I "Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m." som tok til å gjelde frå 10.09.07 – § 7 finn ein fylgjande lovtekst: "Reglane om utval i kommunelova gjeld tilsvarande så langt ikkje anna går fram av denne lova". Jf. Kommunelova §10: Faste utval.

#### Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å gi fylgjande fullmakter til arbeidsutvalet for inneverande valperiode:

1. Førebu kva saker som skal leggjast fram for rådet og innstille til vedtak.
2. Ta avgjerd i saker som av tidsmessige årsaker ikkje kan handsamast i rådet. I saker der utvalet finn det naudsynt vert rådet sine medlemar kontakta pr. e-post.
3. På førespurnad kunne føreta utnemning av representantar frå rådet eller organisasjonane.

Janne Værnø  
kommunikasjonsdirektør

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*